



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Laila Pedersen Kaland, 5557 2373

Vår dato  
15.07.2014  
Dykkar dato  
09.07.2014

Vår referanse  
2014/8935 421.4  
Dykkar referanse  
14/2127

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

### Lindås - gnr 202 bnr 1 - reguleringsplan Apalen Sør - PlanID 1263200809

Me viser til oversending frå Lindås kommune med frist til 30.08.2014 for å koma med uttale.

Planforslaget viser 4 nye frittliggande bustader og 23 konsentrerte småhus med tilhøyrande infrastruktur. Det er allereie 14 einebustader og 3 tomannsbustader innafor planområdet. Forslaget er i samsvar med arealdelen av kommuneplanen som viser bustadformål i dette området.

Plan- og bygningslova § 12-7 set grenser for kva det kan gis føresegner om i ein reguleringsplan. I planføresegnene pkt 1.5 er det satt krav om at utbyggingsavtale for teknisk infrastruktur skal vera inngått før ein kan få rammeløyve. Kommunen kan setja rekkjefølgjekrav i ein reguleringsplan, og ein kan inngå utbyggingsavtale for å oppfylle slike krav. Det er likevel ikkje høve i reguleringsføresegner å stilla krav om at ein skal inngå ein slik avtale for å få rammeløyve.

Fylkesmannen har elles ikkje merknader til planforslaget.

Med helsing

Karen Elin Bakke e.f.  
fung. avdelingsdirektør

Laila Pedersen Kaland  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*